

Eit trygt kyrkjeval

Som valfunksjonær kan du oppleve uønskete hendingar. Kyrkjerådet har utarbeida følgjande hugseliste for å handtere ulike situasjonar.

Valfunksjonærar skal ikkje ha kontakt med media. Ved ei hending skal media visast til leiar i valstyret eller kyrkjeverja.

Ved framkomst førehandsstemmestad/vallokale:

Er du førstemann til førehandsstemmestaden/vallokalet, sjekk følgjande:

- Er alt som det var då de forlét staden?
- Teikn til innbrot?
- Skadeverk/tagging?
- Gjenstandar i/ved lokalet de ikkje har kjennskap til?

Ved teikn på innbrot, skadeverk eller ved funn av gjenstandar de ikkje har kjennskap til:

- Kontakt politiet på ordinært tlf.nr. 02800.
- Kontakt Kyrkjerådets valorganisasjon på tlf.nr. 23081001.
- Ikkje røyr noko – spesielt ikkje gjenstandar (pakkar, brev, osv.) før de har snakka med politiet.
- Følg anvisningene til politiet.

Ved avreise førehandsstemmelokale/vallokale:

- Kontroller at dører og vindauge er forsvarleg låst/lukka og at eventuell alarm er slått på.
- Ikkje la gjenstandar som kan vere av interesse for personar med uærlege hensikter liggje ope/tilgjengeleg.
- Lås inn eller ta med gjenstandar av viktig betydning for gjennomføring av valet.

Truande telefonsamtaler (truslar om skadar/bombetruslar eller anna):

- Snakk roleg, lytt til kva som blir sagt.
- Noter telefonnummer og nøyaktig tidspunkt for samtalen.
- Prøv å få innringjaren til å gi detaljar om seg sjølv, budskapen, osv.
- Prøv å ta opp samtalen viss mogleg – mobiltelefonar har ofte samtaleopptaksfunksjon.
- Noter spesielle trekk ved stemme, dialekt, og ordbruk. Virke innringjaren rusa/påverka? Forsøk å lytte etter bakgrunnslydar/støy (tog, trafikk, stemmer, ekko, osv.).
- Viss det blir sett fram spesifikke truslar, er det viktig å notere desse (tid og stad for hendinga, verkemiddel og kven som skal rammast).
- Få innringjaren til å snakke så lenge som mogleg for å få mest mogleg opplysningar om vedkomande.
- Kontakt politiet på ordinært tlf.nr. 02800, Kyrkjerådets valorganisasjon på tlf.nr. 23081001 umiddelbart etter samtalen, eventuelt la nokon ringje politiet medan du snakkar. Ved alvorlege truslar bruk nødnummer 112.
- Følg anvisningene til politiet.

Uønskte hendingar i vallokalet:

Truande personer

- Opptre roleg og meistra, forsøk å snakke roleg med personen.
- Tilkall hjelp/støtte frå leier i stemmestyret eller ein annan i stemmestyret som handterer situasjonen.
- Ved alvorleg trussel/ordensforstyrning skal stemmestyreleiar eller ein annan i stemmestyret ringje politiet på tlf.nr. 02800 eller lokalt politi så snart som mogleg, eventuelt la andre gjere det.
- Ved alvorlege truslar bruk nødnummer 112.
- Ring Kyrkjerådets valorganisasjon på tlf.nr. 23081001 og rapporter om hendinga og kva tiltak som er sett i verk.
- Tenk signalelement, høgd, dialekt, språk, teikn (tatoveringar, fødselsmerke, arr).
- Gi frå de ting personen krev viss dette blir nødvendig.
- Forsøk å isolere personen frå de ved å låse/stengje dører, osb.
- Er konfrontasjonen uunngåeleg, forsøk å vere fleire som tek hand om personen inntil politiet kjem.
- Noter namn på vitne, bilar og andre viktige opplysningar så fort som mogleg.

Ved brann, naturkatastrofar e.l.

- Ved brann eller anna hending som gjer det nødvendig å rømme lokalet, skal valfunksjonæranne sørgje for å få alle veljarane ut av lokalet.
- Stemmestyreleiar skal sikre avkryssingsmanntalet og alle mottekne stemmer i urnene, og flytte desse til ein sikker stad.
- Kontakt brannvesenet på nummer 110 så snart som mogleg og ring Kyrkjerådet på tlf.nr. 23081001. Rapporter om hendinga og kva tiltak som er sett i verk.

Større hendingar

- Om det oppstår ei større hending, må stemmestyret/valfunksjonæranne sørgje for å få veljarar ut av stemmelokalet så fort som mogleg og også sjølv evakuere rommet. Viss det er tid til det, bør stemmestyreleiar sikre avkryssingsmanntalet og alle mottekne stemmer i urnene, og flytte desse til ein sikker stad.
- Ring nødnummeret til politiet 112. Varsle andre i bygget.
- Konkrete truslar mot person, kyrkjelege grupper og lokale skal òg meldast til Politiets tryggingsteneste PST.

Kontaktinformasjon

Politi (landsdekjande) **02800**

E-post: **trussel@pst.politiet.no**

Kyrkjerådets valorganisasjon **23081001**

Nødnummer

POLITI **110**

BRANN **112**

AMBULANSE **113**